



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1348 - 18/31966

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

23.10.2018

Oversending av vedtak i Plan- og miljøutvalet til klagevurdering - GBNR 142/3 Kvamme øvre

Administrasjonen syner til vedlegg i denne oversendinga. Det er søkt om dispensasjon i frå LNF-føremålet for frådelling av tomt som skal nyttast til bustadføremål. Saka har vore til uttale hos Fylkesmannen i Hordaland, og det vart gjeve uttale i saka den 12.06.2018 dykkar referanse 2009/13369 423.0.

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 17.10.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

«Lindås kommune sitt vedtak datert 26.06.2018 der det vart gjeve avslag på søknad om dispensasjon for frådelling av bustadtomt vert oppheva. Klagen vert tatt til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve løyve til dispensasjon frå LNF-føremål fr frådelling av parsell til bustad på følgjande vilkår: 1. Før det kan gjevast løyve til deling etter plan og bygningslova må: a. Gbnr 142/9 vere samanføynd med gbnr 142/3 b. Det vert gitt bruksending frå fritidsbolig til anna landbruksformål på gbnr 142/9.

Grunngjeving:

Plan og miljø ser fordelane med å gje dispensasjon som klart større en ulempene. Det blir betre sikkerhet på gardstunet når ein tilbakefører gbnr 142/9. Dette med bakgrunn i større areal til å kunne utvida eksisterande vegar, arbeidsareal og framtidig utvikling av driftsbygning. Tiltaket gjer ikkje negativ verknad på miljø. Det gjer eit positivt bidrag på helse når fleire generasjonar kan bu saman og lenger i egen heim, i tråd med overordna politikk. Tiltaket vil også bidra positivt til vidare drift og derfor også oppretthalda kulturlandskapet. Landbruksarealet vert ikkje fragmentert då arealet ligg i eit hjørne av eigedommen og ikkje kan haustast. Det tar ikkje stort areal av beitemark, og området vurderes som lite egna til landbruk. Det omsøkte tilaket tilsidesett ikkje overordna plan sitt formål, då det ikkje vert fleire bueiningar i planområdet med dette tiltaket. Tilbakeføring av gbnr 142/9 støtter sentrale mål om å finne andre driftsinntekter på gardsdrifta. Tiltaket støtter oppunder STRATEGI 39 samfunnsdel til kommuneplanen 2017-2029: Oppretthalde kulturlandskapet gjennom å leggje til rette for aktiv drift og ta vare på verdifullt landbruksareal. Det må vurdere å justere arealet opptil til grensa til naboeigedommen. PMU ser etter ei heilhets vurdering at fordelane med å gi dispensasjon er klart større en ulempene. PMU kan ikkje sjå at saka dannar presedens, då kvar sak om dispensasjon skal vurderast individuelt. Framlegget vart samrøystes vedteke.»

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



